

## MØTEBOK HALLINGTINGET

**TID:** 8 – 9.mai 2014  
**STAD:** Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

### Desse møtte på Hallingtinget :

<b><u>Hol kommune</u></b> Tony Arild Kjøl Ingjerd Almås Anfinset Erik Kaupang Halvard Lilleslett Solveig Håtveit Markegård	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Oddvar Grøthe Helene Sagabråten Jan Egil Halbjørhus (dag 2) Olav Støyten Odd Holde (sak 04 og 05)
<b><u>Ål kommune</u></b> Ivar Brevik, Torhild Helling Bergaplass (dag 2) Harald Varlid Ove Bråten Birger Jorde	<b><u>Nes kommune</u></b> Tor Magnussen Kjell Ålien Gerd Eli Berge Ingolf Juven Geir Olav Brøto
<b><u>Gol kommune</u></b> Halvor Lilleslett Hanne Brunborg Ludvig Munkejord Jon Andreas Hefte Kristin Bakke Haugen	<b><u>Flå kommune</u></b> Tor Egil Buøen Ole Johnny Stavn Karsten Ekern

**Av rådmennene møtte:** Lar Ole Skogen, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune (dag 1), Sveinung Halbjørhus, Hemsedal kommune, Torbjørn Hansen, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar og Ulrikke Ytteborg som prosjektleiar Hallingdal 2020.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktane Anne Sandum og Runolv Stegane og regionkontakt Tore Gilhuus.

---

### **8. mai 2014, 10:00 – 18:00**

#### **SAK 01/14 REKNESKAP 2013**

I samband med sak 01-14 vart det stilt spørsmål ved to punkt i revisor si uttale til årsrekneskapet for 2013:

1. Det står at: «Driftsregnskapet viser totalt et underskudd på netto driftsresultat på kr. 818.844,43.» Denne setninga må sjåast i samanheng med følgjande tekst: «Mer-/mindreforbruk er i null(0) fordi underskuddet på netto driftsresultat i sin helhet er avsluttet mot fond.» Underskot på netto driftsresultat er i denne samanheng eit tal som ikkje seier så mykje i forhold til drift Regionrådet, fyrst og fremst fordi IKT er ein del av dette, samstundes som eksterne midlar til prosjektgjennomføring ikkje blir utbetalt i tråd med eit prosjekt si framdrift. I enkelte høve kan det koma midlar tidleg i ein

prosjektgjennomføringsperiode, men et mest vanlege er at ein stor del av midlane kjem etter at prosjekt er avslutta.

2. Det står at: «Vårt arbeid avdekket ingen vesentlige avvik med unntak av om alle fond er bundne som er bemerket ovenfor...». Hallingtinget stilte spørsmål ved kva som låg i ordlyden «med unntak». Spørsmålet er stilt til revisor som er tydeleg på at det ikkje ligg noko negativt i formuleringa og at det kunne vore formulert på ein tydelegare måte.

### **Vedtak**

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2013 med revisoruttale, og at underskot på kr. 15.512,74 blir teke frå disposisjonsfond.

### **SAK 02/14 ÅRSMELDING 2013**

#### **Vedtak**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2013.

### **SAK 03-14 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i Regionrådet som ein del av gjennomgang av årsmeldinga.

### **SAK 04-14 HALLINGDAL 2020**

Prosjektleiar Ulrikke Ytteborg orienterte om Hallingdal 2020 og pågåande arbeid. Vedlagt eigen presentasjon.

### **SAK 05-14 SAMFERDSEL, ORIENTERING OG DRØFTING**

Dagleg leiar orienterte om status for viktige samferdselsprosjekt for Hallingdal som eit grunnlag for vidare drøftingar (vedlagt eigen presentasjon).

Hallingtinget hadde ein god diskusjon om utfordringar i forhold til samferdsel og prioriteringar.

### **Konklusjon frå drøftingane:**

Hallingtinget står fast ved tidlegare prioriteringar i forhold til vegar:

- Standardheving av vegar som til dels er sterkt nedkøyrt
- Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika – Gol
- Ny veg Rv.52 Gol – Røbru
- Utbygging av E16 Sandvika – Hønefoss
- E16 mot Gardermoen, med strekninga Olum – Eggemoen
- Igangsetjing av overordna planarbeid Rv7 Hardangervidda, mellom Haugastøl og Maurset

### **Aust – vest samband**

- Hallingtinget støttar Regionrådet sine synspunkt i forhold til at det ikkje er hensiktsmessig å peike ut eit aust – vest samband som skal vera «merkbart betre», ut frå relativt små trafikkmengder. Og der det og er eit mål å overføre mykje av godstrafikken til bane og sjø, samstundes som det meste av trafikken er undervegs trafikk.
- Rv7 og Rv52 er likeverdige vegar som det skal arbeidast for nødvendig standardheving og regularitet.

### Felles strategi for syklende og gåande, drøfting

- Hallingtinget støttar Regionrådet sitt arbeid for å sjå på ein felles plan for gang- og sykkelveggar etter riksveggar i Hallingdal. Målet er m.a. å synleggjera Hallingdal sine krav/ynskje på ein betre måte, og bli meir slagkraftige i forhold til prioriteringar.

### **SAK 06-14 EIGARSKAP OG STRATEGIAR I SELSKAP DER KOMMUNANE ER EIGARAR.**

Tony Arild Kjøl orienterte om Hol kommune sitt arbeid i forhold til eigarskap og strategiar der kommunen er eigar (vedlagt eigen presentasjon).

### **SAK 07-14 HALLINGDAL KRAFTNETT – verdi og verktøy for Hallingdal. «Selskapets samfunnsmessige virkningar»;**

Kåre Trillhus i Hallingdal Kraftnett og Asle Strand, KS Bedrift, presenterte ei undersøking som er gjennomført om Hallingdal Kraftnett, der det er sett på selskapet sine samfunnsmessige verknadar i tillegg til økonomiske samanlikningar i forhold til andre nettselskap i Buskerud og eit utval samanliknbare selskap (vedlagt eigen presentasjon). Hovudkonklusjonane er at Hallingdal Kraftnett er økonomisk veldrivi og har stor samfunnsmessig betydning.

### **SAK 08-14 HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE TENESTER, STATUS FOR DEI ULIKE DELPROSJEKT**

Leiar for prosjektgruppa for prosjektet Hallingdal lokalmedisinske tenester Øystein Lappgard og prosjektleiar Ellen Wibe orienterte om status for Hallingdal lokalmedisinske tenester og dei ulike delprosjekt (vedlagt eigen presentasjon).

Følgjande område er prioritert i pågåande arbeid:

- Vidare samhandling innan helse og omsorg
- Intermediæravdeling ved Hallingdal sjukestugu
- Folkehelse
- Kompetanse-, lærings- og meistringssenter
- Demente med særlege behov
- Psykisk helse og rus

Vegen vidare for samhandling innan helse og omsorg er:

1. Prosjektgruppa innstiller til styringsgruppa
2. Styringsgruppa innstiller til kommunestyra
3. Behandling i kommunestyra hausten 2014

### **9. mai kl. 08:30 – 14:00**

### **SAK 09-14 KOMMUNESTRUKTUR, KVA VIL HALLINGDAL?**

Bernt Aslak Brantzæg, forskar Telemarksforskning og medlem av «ekspertutvalet» hadde innlegg (vedlagt): «Kommunestruktur. Historikk og erfaringer. Hovedpunkter fra ekspertutvalgets rapport».

Bjarne Jensen, professor ved Høgskolen i Hedmark hadde innlegg (vedlagt): «Kommunereformen – folkestyre eller elitestyre».

Med bakgrunn i innlegg hadde Hallingtinget ein frisk og god debatt. Vidare drøfta kommunane (kommunevis) forslag til vidare prosess. Kort oppsumert var konklusjonane slik:

#### Hol kommune

Vente med event. utgreiingsarbeid til delrapport 2 frå «ekspertutvalet» ligg føre. Vera open for tema som bør avklarast/vurderast. Ein del vurderingar og analysearbeid kan Hallingdal få gjennom byregionprosjektet.

#### Ål kommune

Utgreiingsfase når oppgåvefordeling er bestemt. Kvar kommune må avgjera korleis dei vil gå vidare. Eventuelle utgreiingsmidlar må nyttast.

#### Hemsedal kommune

For tidleg å starte vidare arbeid no, vente på delrapport 2. Setja i gang arbeid når tida er meir moden.

#### Gol kommune

Gol kommune må sjølv definere kva dei vil.

Så snart som råd må regionrådet setja i gang eit utgreiingsarbeid. Det må utgreiast ulike alternativ, også nullalternativet. Det er viktig at dette arbeidet startar så snøgt som råd. Må og få meir kunnskap om effektane av dei samarbeida kommunane har i dag.

#### Nes kommune

Kommunane må koma i gang med ein modningsprosess i den einskilde kommune.

#### Flå kommune

For tidleg å starte ein prosess no. Mange mogelegheita for dei som ikkje ligg sentralt i dalen.

Ut frå kommunane sine attendemeldingar vil ikkje Regionrådet for Hallingdal ta noko initiativ no, for å koma i gang med eventuelt utgreiingsarbeid.

Ål 19.5.2014

Rett utskrift

*Knut Arne Gurigard*

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg (ligg på [www.regionraadet.no](http://www.regionraadet.no), møtebok Hallingtinget):

- Sak 04-14; Ulrikke Ytteborg, presentasjon Hallingdal 2020
- Sak 05-14; Knut Arne Gurigard, presentasjon samferdsel
- Sak 06-14; Tony Kjøl, presentasjon eigarskap og strategiar i selskap der kommunane er eigarar
- Sak 07-14; Asle Strand, KS Bedrift, presentasjon Hallingdal Kraftnett, – verdi og verktøy for Hallingdal. «Selskapets samfunnsmessige virkninger»
- Sak 08-14; Øystein Lappegard og Ellen Wibe, presentasjon Hallingdal lokalmedisinske tenester, status for dei ulike delprosjekt.